



Alle kommunar i Hordaland
Alle ungdomsskular i Hordaland
Alle PP-kontora i Hordaland

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
8 - 09. 2014	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Saksnr.	Tilgangskode

Dato: 04.09.2014
Vår ref.: 2014/1058-30
Saksbehandlar: akysam
Dykkar ref.:

Melding i samband med 1. februar inntak

1. oktober er frist for å sende melding til Hordaland fylkeskommune om 1. februar søkjarar med fortrinnsrett etter §§6-15 og 6-17.

Fortrinnsrett til eit særskilt utdanningsprogram jf. § 6-15 i forskrift til Opplæringslova

Kommunen (som regel avgjevarskulen) må melde søkjaren til Hordaland Fylkeskommune som skal vurdere om eleven har rett til inntak etter denne paragrafen. Sakkunnig instans er PP-tenesta i fylkeskommunen.

Elevar som søker om fortrinnsrett etter §6-15 må ha:

- Rett til spesialundervisning etter §5-1 i opplæringslova. Behovet for spesialundervisning må vere omfattande på grunn av vanskaner som ligg til grunn for søknaden.
- Eit særleg behov for inntak til eit bestemt utdanningsprogram. Dette behovet må vere svært viktig for å kunne fullføre vidaregåande opplæring med yrkes- eller studiekompetanse.

Motivasjon eller diagnosar aleine utløyser ikkje denne retten.

Kva skal kommunen sende til fylkeskommunen?

Skulen v/ rektor skal sende følgjande dokument til Hordaland fylkeskommune:

- Utfylt meldeskjema frå HFK (sjå vedlegg eller <http://www.hfk.no/Hordaland-fylkeskommune/opplaering/inntak/>)
- Siste enkeltvedtak om spesialundervisning
- Sakkunnig vurdering frå PPT-grunnskule om retten til spesialundervisning etter §5-1. Vurderinga må gjelde for **10.trinn**.
- Karakterutskrift frå 9.trinn
- Evt. skjema med informasjon om dei behova eleven har for medisinsk behandling i skuletida (Dette finn ein som vedlegg til meldeskjema, siste delen.)

På bakgrunn av dette vil Hordaland fylkeskommune vurdere om eleven oppfyller dei to vilkåra i §6-15. Dersom eleven *ikkje* oppfyller vilkåra, blir saka sendt tilbake til kommunen med skriftleg grunngjeving.

Frist for melding: For skuleåret 2015/2016 er fristen **1. oktober 2014**.

Fortrinnsrett for søkjarar med sterkt nedsett funksjonsevne jf. § 6-17 i forskrift til Opplæringslova

Kommunen (som regel avgjevarskulen) må melde frå til Hordaland fylkeskommune om søkjarar som no går på 10. trinn med sterkt nedsett psykisk eller fysisk funksjonsevne. Elevar som søker med fortrinnsrett etter §6-17 må ha:

- Vedtak om spesialundervisning
- Sterkt nedsett funksjonsevne
- Eit særleg behov for å bli tatt inn på ein skule som er særskilt tilrettelagt grunna den nedsette funksjonsevna

Kva skal kommunen sende til fylkeskommunen?

Skulen v/ rektor skal sende følgjande dokument til Hordaland fylkeskommune:

- Utfylt meldeskjema frå HFK (sjå vedlegg eller <http://www.hfk.no/Hordaland-fylkeskommune/opplaering/inntak/>)
- Siste enkeltvedtak om spesialundervisning
- Sakkunnig vurdering frå PPT-grunnskule om retten til spesialundervisning etter §5-1. Vurderinga må gjelde for **10.trinn**.
- Evt. skjema med informasjon om dei behova eleven har for medisinsk behandling i skuletida (Dette finn ein som vedlegg til meldeskjema, siste delen.)

Frist for melding: For skuleåret 2015/2016 er fristen **1. oktober 2014**.

Andre søkjarar med fortrinnsrett og søkjarar etter individuell behandling skal ikkje sende meldeskjema. Dei søker 1. februar.

Dokumenta skal sendast til:
Hordaland fylkeskommune
Seksjon skule
Pb. 7900
5020 Bergen

For spørsmål ta kontakt med: Opplæringsavdelinga, seksjon skule, 55239230

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Akylina Samara
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.